

Førde, 18.02.2015

NVE
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Høyringsfråsegn: Småkraft AS – Søknad om løyve til bygging av Fossevika småkraftverk i Askvoll kommune.

Vi viser til NVE sitt høyringsbrev av 19.11.2014 og til konsesjonssøknaden med vedlegg som vi har lasta ned via nettet. Fråsega vår er mellom anna basert på søknaden, samtaler med lokalkjende og eigen kunnskap om, og bruk av området.

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå www.turistforeningen.no/sognogfjordane) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 15 lokale lag spreidd over heile fylket. Medlemstal ved siste årsskifte: 6.081. Fossevika kraftverk ligg i Indre Sunnfjord Turlag sitt arbeidsområde, sjå: <http://www.istur.no/>

Om friluftsliv i området:

For fotturar og andre berrmarkaktivitetar er Fossealen er eit veldig fint friluftsområde. Fleire stadar er den også godt eigna til bading. Dalen har eit veldig fint landskap med fjord, fjell, elva med dei flotte fossane og gamalt kulturlandskap. Frå Fossevika går det ein sannsynlegvis eldgamal ferdsle- veg via Nedre og Øvre Fossealen, forbi austenden av Markavatnet og til Førdefjorden. Dalen har mange kulturminne frå ulike tider, og til desse kulturminna, og til dei som gjennom åra har budd i dalen, er det knytt mykje gamal og nyare historie. Mellom andre forfattaren Jakob Sande fra Fjaler har skrive om dette. Kombinasjonen av tur, kultur og historie som ein finn i dalen, er spesielt attraktiv for mange turgåarar fordi den gir ein ”ekstra dimensjon” til sjølve turen.

Dalsfjordbrua, med parkeringsplass på Ottersteinen ved nordvestenden, og dei nymerka stiane til Fossevika og Fløyen, har gjort Fossealen og området rundt mykje meir tilgjengeleg enn før, då ein var avhengige av båt for å kome til Fossevika. Bruken av området har ”eksplodert” som følgje av den gode tilkomsten og tilrettelegginga! Rydding og merking av stiane er eit samarbeidsprosjekt mellom kommunen v/Kystarvstiprosjektet, Indre Sunnfjord Turlag og andre.

Døme på den auka bruken av området:

- I turboka på Fløyen var det pr. 31.12.2014 heile 881 personar som hadde skrive seg inn. (Dei 3 siste var der 22.11.) Mest sannsynleg (men vi kan ikkje dokumentere det) har det aldri vore så mange som har gått tur til Fløyen før. Det er all grunn til å tru at det blir enda fleire i åra framover etter kvart som ruta blir betre kjend. Fløyen, 761 m, er ein topp med fantastisk utsikt over fjordar og fjell – og mot Fossealen og Fossealdafossen. Undervegs er det også utsikt mot både Vikafossen og Laukelandsfossen.
- Bruken av Nipebu har auka frå 296 overnattingar og 87 registrerte dagsbesøk i 2013 til 397 overnattingar og 169 registrerte dagsbesøk i 2014. I tillegg kjem ikkje registrerte dagsbesøk. Det er all grunn til å tru at ein vesentleg del av auken har samanheng med etableringa av den nye tilkomsten/turruta frå Ottersteinen.



Postadresse: Pb. 10, 6801 Førde
E-post: sogturla@online.no
Organisasjonsnr. 971 529 474

Besøksadresse: Langebruvegen 9, Førde
Heimeside: www.turistforeningen.no/sognogfjordane
Banksamband: Sparebanken Sogn og Fjordane konto 3705 03 32455

Tlf. 57 72 06 14

Frå tidlegare er den gamle stien frå Fossevika til Nedre Fossedal merka. Den gamle, delvis nedramla bruha over Fossedalselva nedanfor Fossedalsfossen (med nydeleg utsikt frå bruha mot fossen) er bygd opp att, og det er rydda og merka sti vidare i nordvestleg retning til turlagshytta Nipebu som ligg på sørssida av Langevatnet. For info om heile ruta, sjå: <http://ut.no/tur/2.8615/>. For info om hytta, sjå: <http://ut.no/hytte/3.1440/>. I tilknyting til Nipebu er det også ei fleire andre merka ruter: Mot sørvest (frå hytta) til Rivedal, mot nord til Markavatnet og mot aust til turlagshytta Massbu.

Det er konkrete planar om merking av ei ny rute mellom Fossevika og Massbu. Rute vil ta av frå ruta mellom Fossevika og Nedre Fossedal like etter bruha som kryssar elva (litt før ein kjem til den fine, gamle fritidseigedommen ELRAKI,) og vil gå i nordaustleg retning, mellom fjella Søre Kringla og Brendeheiknappen, og til Massbu. Frå parkeringsplassen på Ottersteinen vil ein då etablere ei merka 3-kantrute til Massbu, vidare til Nipebu og attende. Det er planlagt å rydde/merke denne ruta i 2015.

Til Nipebu er det 3 hovudruter (og nokre andre mindre viktige ruter): Frå Rivedal, frå Markavatnet og frå Ottersteinen/Fossevika. Den første delen av rutene frå Rivedal og Markavatnet er begge prega av kraftutbyggingsinngrep:

- Rivedal kraftverk vart bygd for nokre år sidan. Første del av turruta går på anleggsvegen langs den nesten tørrlagde elva og kryssar dammen før den kjem inn i meir urørt terren.
- Grunnevatn kraftverk og Leknesvatn kraftverk er no under bygging, og ruta forbi austenden av Markevatnet til Nipebu har i 2014 for ein stor del vore stengd grunna anleggssarbeidet. Etter at arbeidet er ferdig, vil ruta sjølvsagt bli opna att, men den første delen vil framleis bli prega av dei omfattande inngrepene.

Ruta frå Ottersteinen er no den einaste av dei 3 hovudrutene til Nipebu som ikkje er påverka av kraftutbyggingsinngrep. Frå Turlaget si side har vi eit sterkt ønskje om at det held fram med å vere slik. **Vi går derfor sterkt mot bygging av Fossevika kraftverk!**

Kommentarar til utbyggingsplanane:

2.1 Hovuddata: Ei slukevne på 170% er ei nokså normal vassutnytting. Tala for både alminneleg lågvassføring, 5-persentil sommar og 5-persentil vinter ser vi på som usikre, sjå neste punkt.

2.2.1 Hydrologi og tilsig: Av det som står her, går det fram at valet av målestasjon å samanlikne Fossedalselva med, har vore vanskeleg. Nysnaelv ser ikkje ut til å vere eit veldig godt val, men meir som det ”minst därlege” alternativet. Snaufjellprosenten er svært ulik: 15% for Fossedalselva og 65% for Nysnaelv. Sjøprosenten er også ulik: 3,1% for Fossedalselva og 2% for Nysnaelv. Begge desse momenta gjer at Fossedalelva har ei betydeleg større sjølvregulerande evne enn Nysnaelv, slik at tala for alminneleg lågvassføring og 5-persentilane må bli veldig usikre for Fossedalselva. Også vassføringskurvene i konsesjonssøknaden må bli usikre. Det er sannsynleg at dei låge vassføringsane blir ein heil del høgre og flaumtoppane betydeleg lågare for Fossedalselva enn for Nysnaelv.

Hos oss har vi ikkje kompetanse til å vurdere tala og kurvene for tilsiget på godt nok. Men viss NVE skulle vurdere å gje konsesjon til denne svært kontroversielle utbygginga, ber vi om at NVE brukar sine fagfolk til å vurdere dei tala og kurvene som er brukte i konsesjonssøknaden, på ein grundig måte.

2.2.2 – 2.2.10: Grunna den uvanleg sterke lokale motstanden mot utbygginga, noko som etter vår vurdering gjer det lite sannsynleg at det blir gitt konsesjon, har vi ikkje prioritert å gå grundig inn i sjølve utbyggingsplanane. Vi merkar oss at på detaljkartet i Vedlegg 1 ser den planlagde terskelen ved utløpet av Fossedalsvatnet ut til å vere teikna inn på heilt feil plass. Plasseringa stemmer i alle fall ikkje med fotomontasjen i Vedlegg 5.



Vi merkar oss også at det i anleggsfasen vil bli svært store inngrep i Fossevika. Det ser ut som den merka turstien kryssar anleggsområdet, slik at det er sannsynleg at turstien vil verte sperra i ein ganske lang periode. Bedømt ut frå detaljkartet i Vedlegg 1, ser det ut til å vere for bratt til å kunne legge turstien midlertidig over på nordsida av tunnelpåhogget, men ettersom vi ikkje har vore på synfaring for spesielt å vurdere dette, kan vi ikkje seie det heilt sikkert. Ei eventuell sperring av denne viktige turstien i (store delar av) anleggsfasen, vil etter vårt syn vere heilt uakzeptabelt! Også på permanent basis vil kraftstasjonen, tunnelpåhogget og fyllinga/moloen i sjøen etter vårt syn verke sterkt negativt inn på det gamle restaurerte kulturmiljøet i Fossevika. Steinmengdene frå den nesten 700 m lange sprengde tunnelen, vil også bli store!

2.4 Fordelar og ulemper ved tiltaket:

Utbyggaren hevdar at:

Tiltaket vil bidra til istandsetting av heile området i Fossevika, restaurering av bygningar og andre kulturminne for å utvide Fossevika sitt potensial som kan føre til auka næringsgrunnlag for opplevelingar og turisme.

Kommentar: Vi kan ikkje sjå kva slags grunnlag utbyggaren har for å kome med slike påstandar. Eigaren av Fossevika har gjennom mange år gjort ein kjempejobb med restaurering av bygningar og andre kulturminne. Men han er ikkje fallrettseigar, og får dermed ikkje inntekter frå utbygginga. Vi er ikkje kjende med at utbygginga vil føre til noko som helst positivt for Fossevika. Tvert imot vil utbygginga føre med seg negative framandelement i form av kraftstasjon, tunnelpåhogg og utfylling/molon i sjøen. Og så vil ein få støy frå kraftstasjonen. **For Fossevika høyrer utbygginga etter vårt syn heilt klårt heime på ulempesida, ikkje på fordelsida, for kulturmiljøet!**

Ei anna viktig ulempa er sterkt redusert vassføring i 2 fine og svært godt synlege fossar, Vikafossen ved fjorden og Fossedalsfossen kloss nedanfor inntaket. Særleg om sommaren, i beste tur- og touristsesongen, vil vassføringsreduksjonen bli stor. Minstevassføringa på 400 l/s er berre 17,4% av det som i punkt 3.1 er oppgitt som sesongmiddelvassføringa om sommaren, 2.298 l/s. Vassføringskurvene både for tørt, middels og vått år (sjå Vedlegg 4) viser at større overløp, som vil gje merkbart meir "liv" i fossane, er nokså sjeldne i dei 3 sommarmånadane, spesielt i juli og august. Flaumane kjem først og fremst når det er kraftig regn om hausten frå og med september og fram til årsskiftet.

2.6 Offentlege planar og nasjonale føringar:

Om Sogn og Fjordane fylkeskommune sin "Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging", står det i konsesjonssøknaden:

For delområde Dalsfjorden, er Fossedalen avmerket på kartet med foss/fossestryk.
Det meir presise er at i *Tabell 3.3.1 Registrering av fossar/stryk; viktige landskapselement* på side 52 i planen, er både Vikafossen og Fossedalsfossen konkret nemnde som 2 av dei 12 fossane i delområde Dalsfjorden.

Om sumverknader: 6 av dei 12 fossane i tabellen er enten utbygde, under utbygging eller har fått konsesjon. Enda ein foss av dei 12 (Brekkefossen i Fjaler) har fått konsesjon for utbygging av delar av fossen. Av dei resterande 5 av dei 12 fossane er 3 no konsesjonssøkte. Dei 2 i Fossedalselva og Hundsåna, alle i Askvoll.

"Samla plan for vassdrag": Omtalen på side 16 og 17 i konsesjonssøknaden viser klårt at det har vore ein langvarig og sterk motstand mot utbygging av Fossedalsvassdraget. I 2004, i samband med Småkraft AS sin søknad om flytting av eit liknande prosjekt som det no omsøkte, til Kategori I i Samla plan, vart det i kommunestyra både i Fjaler og Askvoll gjort klåre Nei-vedtak til utbygging. Under handsaminga av denne nye konsesjonssøknaden, vart Nei-vedtaka i kommunestyra i 2004 stadfesta. I slutten av januar 2015 sa Fjaler kommune Nei med 20 mot 3 røyster. Askvoll kommune sa Nei med 12 mot 9 røyster. Både i Fjaler og Askvoll er det eit stort folkeleg engasjement mot utbygging. **Dette er ei opplagd Nei-sak!**



OED sine ”Retningslinjer for små vannkraftverk”: I punkt 2.6 i konsesjonssøknaden står det så vidt vi kan sjå ikkje eitt ord om desse nasjonale retningslinjene. Vi er svært forundra over at Småkraft AS, som ein profesjonell småkraftutbyggar, tilsynelatande ikkje har kjennskap til OED sine nasjonale retningslinjer. Desse er jo heilt sentrale for alle småkraftutbyggjarar. Men vi skal ikkje spekulere i grunnen til denne tilsynelatande store kunnskapsmangelen hos Småkraft AS.

Vårt syn er at det vil vere i strid med OED sine retningslinjer å gje konsesjon til Fossevika kraftverk. Stikkordmessig nemner vi konfliktar med desse punkta:

- 5.1 Verdfulle landskapselement, og Fjordlandskap.
- 5.5 Kulturminne og kulturmiljø
- 5.6 Friluftsliv
- 5.7 Reiseliv
- 5.9 Konflikt spesielt når det gjeld sumverknadar

Vi skal ikkje utdjupe dette nærmare. NVE kan desse retningslinjene mykje betre enn oss, og vi har full tillit til NVE sine vurderingar på dette området.

Kommentarar til verknadane av utbygginga:

Vi kommenterer her berre enkelte av punkta i konsesjonssøknaden.

3.9 Landskap og INON: I omtalen av landskap er ei stor kraftlinje som går gjennom Fossedalen, omtala. Dette er ei 66 kV-linje som går nordover til den nye Markevatn trafostasjon nær Førdefjorden. (Parallelt går det også ei 22 kV-linje der, som truleg vert heilt eller delvis riven om nokre år.) I tilknyting til dette nemner vi: Den sentrale delen av Askvoll kommune har i dag einsidig kraftforsyning, via ei 66 kV-linje frå Hålandsfossen i Fjaler. Dette gir ein lite tilfredsstillande leveringstryggleik. For få år sidan handsama NVE ein konsesjonssøknad om ny 132 kV kraftlinje frå Grov i Flora til Lutelandet i Fjaler. Linja skulle gå via Askvoll (Ringstad trafostasjon) og bidra til betre leveringstryggleik der. I samband med dette, skulle 66 kV-linja gjennom Fossedalen rivast.

Ettersom kraftbehovet på Lutelandet vart redusert, vart 132 kV-linja frå Grov i første omgang berre bygd fram til Markevatn trafostasjon. Vi reknar det som sannsynleg at linja vil verte vidareførd til Ringstad trafostasjon aust for Askvoll sentrum seinare, slik at Askvoll får ringsamband og tryggare straumforsyning. Når det (eventuelt) skjer, vil 66 kV-linja gjennom Fossedalen bli riven, som tidlegare planlagt. Ved riving av 66 kV-linja vil dette negative landskapselementet sjølvsagt forsvinne, og Fossedalen vil få retablert det INON som vart borte då linja vart bygd. Dessverre har vi ikkje kjennskap til når kraftlinja gjennom Fossedalen vil bli fjerna, men kanskje har ”kraftlinjefolka” i NVE meir kunnskap om dette? Vår vurdering: 66 kV-linja gjennom Fossedalen blir riven før 2030.

Andre kommentarar om landskap: Vikafossen og Laukelandsfossen er begge synlege samstundes både frå ein ganske stor del av fjorden, frå vegen på motsett side av fjorden og frå Dalsfjordbrua. Kombinasjonen av desse to fossane gir eit mektig inntrykk! Men viss Vikafossen, som i utgangspunktet er stor, men den minste av dei to, om sommaren skulle bli redusert til i storleiksordenen 20-25% av det den er i dag (dette vil sjølvsagt variere), vil storleksskilnaden på dei to fossane bli så stor at ”magien” som dei to fossane til saman skaper i fjordlandskapet, blir nesten heilt borte. Dette synest vi er eit viktig moment som ikkje er omtala i konsesjonssøknaden.

3.10 Kulturminne og kulturmiljø: I tillegg til Fossevika og Nedre Fossedal vil vi også nemne den ganske gamle fritidseigedomen ELRAKI. På detaljkartet i Vedlegg 3 er bygningane som høyrer til den, tydeleg markerte ved der det står P550 på tunnelen. Også til denne eigedommen knyter det seg interessant historie.



3.13 Ferskvassressursar: Også fritidseigedomen ELRAKI hentar drikkevatn frå elva.

3.14 Brukarinteresser: Vi viser til det vi har skrive om dette først i fråsegna. Vi reknar med at bruken av området til ulike former for friluftsliv vil auke ganske mykje i åra framover etter kvart som dei nye turrutene blir betre innarbeidde. Den nye ruta til Massbu vil truleg også føre til auka trafikk. Fossealen var tidlegare ein del av Fjaler kommune, og mange i kommunen har framleis ei eller anna form for tilknyting til dalen. (Det var neppe tilfeldig at fleirtalet mot utbygging var større i Fjaler enn i Askvoll.) Dalsfjordbrua gjer dessutan friluftsområdet på nordsida av fjorden svært lett tilgjengeleg, spesielt for dei som bur i kommunesenteret Dale.

3.20 Samla belastning: Her vil vi nemne følgjande sitat frå side 32, først i siste avsnitt:
"For temaet landskap og brukerinteresser vil det først og fremst merkes med at fossene vil ha mindre mektighet i flomperioder og at vassdraget vil fremstå som mer temmet."

Vi er sterkt ueinige i delar av det som står her. Ei eventuell utbygging vil først og fremst merkast i dei lange periodane der vassføringa i elva er innanfor det ein kan kalle eit normalintervall, mellom anslagsvis 1.500 og 3.500 l/s ved utløpet frå Fossealensvatnet. Då vil det stort sett berre renne minstevassføring i elva og fossane (noko meir i Vikafossen p.g.a. restfeltet), og fossane vil framstå som "berre skuggar av seg sjølv". Det er i periodane med slike "normale" vassføringar at det er flest av både turfolk og turistar som er ute. I periodar med verkeleg stor flaum, vil vassføringa vere så mykje større enn slukevna i kraftstasjonen at då vil det bli vanskelegare å sjå skilnaden mellom før og etter ei eventuell utbygging.

Samandrag av Turlaget sitt syn på utbygginga:

Sogn og Fjordane Turlag går sterkt mot bygging av Fossevika kraftverk, og vi er glade for at motstanden mot utbygginga vert delt av kommunestyra i både Askvoll og Fjaler. Av dei 12 søknadane i Småkraftpakke Førde/Askvoll/Naustdal, reknar vi Fossevika kraftverk som det klårt mest kontroversielle av alle.

Vi vil så sterkt vi kan oppmøde NVE om å seie NEI til denne utbygginga. Fossealenselva bør få renne i fred til glede for både oss sjølv og framtidige generasjonar!

Sakshandsamar hos oss er underskrivne, tlf. 57 82 69 05, E-post: alvar-m@online.no.

Venleg helsing
for SGN OG FJORDANE TURLAG
Naturvernuntnalet

Alvar Melvær (sign.)



Postadresse: Pb. 10, 6801 Førde
E-post: sogturla@online.no
Organisasjonsnr. 971 529 474

Besøksadresse: Langebruvegen 9, Førde
Heimeside: www.turistforeningen.no/sognogfjordane
Banksamband: Sparebanken Sogn og Fjordane konto 3705 03 32455

Tlf. 57 72 06 14